

Vestland fylkeskommune  
Att: Endre Korsøen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Lerøy Vest AS 886813082 - Uttale til søknad om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune

Vi viser til brev frå Vestland Fylkeskommune datert 15.04.2021 med søknad frå Lerøy Vest AS om utvida arealbruk for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

### Om søknaden

Søknaden gjeld utskifting av oppdrettsanlegget på lokalitet 13209 Bognøy. Lerøy Vest AS vil bytte ut noverande stålanlegg som består av fire bur (24 x 36 meter) til eit anlegg bestående av tre 160 meters ringar på rekkje i rammefortøyning med 80x80 meter ramme. Det vert samstundes søkt om løyve til å legge ut ein fôrflåte i aust. Lokaliteten er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 1560 tonn, og det vert ikkje søkt om endring av denne.

Stålanlegget ligg i dag innanfor sjøområde som er satt av for akvakultur i kommuneplanen. Etter utskifting til eit nytt og fysisk større anlegg, vil anlegget i overflata framleis ligge innafor akvakulturområdet, men deler av fortøyningssystema vil krysse over i sjøområde der arealbruk er satt av som 'bruk og vern av sjø og vassdrag'. Alver kommune har i brev datert 13.09.2021 ingen særskilde merknader til søknaden.

### Vurdering av søknaden

[Fiske og registrert gytefelt i Landsvikosen](#)

Informasjon om kystnære fiskeridata finnast i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy

[Yggdrasil](#). I sjøområda rundt Bognøy der anlegget er lagt ut, har

Havforskningsinstituttet registrert gyteområde for torsk. Fiskeridirektoratet registret

fiskeplassar (garn) i Landsviksosen og Bognøystraumen, og i Geitnesvågen og Bognevågen er det registrert låssettingsplassar.

Søknaden har vore på høyring hos Fiskarlaget Vest som skriv i sin høyringsuttale at dei er uroa for kva påverknad oppdrettsanlegget har for gytområdet som er registrert, og dei vil ikkje akseptere ei eventuell søknad om auka biomasse i anlegget. Dei er og skeptisk til det auka arealbeslaget og kva konsekvensar dette vil ha for utøving av fiske i Landsvikosen;

*«Ein er òg skeptisk til anleggsendringa då det vil beslaglegge eit større areal på sjøoverflata, og dermed vil føre til større forbodssone mot ferdsel (20 m) og fiske (100 m), enn dagens anlegg der ein fiskar mellom fortøyingane. Dersom ein trass dette godkjenn arealauka, må fortøyingar, boltar og utstyr som ikkje lenger er i bruk fjernast. Eventuelle nye fortøyingar må utformast slik at fiskeutstyr ikkje heftar, og avgrensast mest mogleg. Ein må få tilsendt koordinat på îlar/fortøyingar etter utlegging og ROV-undersøking».*

Fiskeridirektoratet region Vest påpeiker at ei utviding av anlegget vil medføre at fiskeplassar kan bli mindre tilgjengelige, men vi ser likevel ikkje konfliktpotensiale som så stort at vi vil rå i frå søknaden. Vi oppmodar samstundes om at kvalitetssikra fortøyingsskisse med koordinatar til kvart av ankerfesta, vert sendt til fiskarlaget dersom det vert gjeve løyve til å legge ut det nye anlegget.

#### Miljøpåverknad og B-undersøking

MOM-systemet (matfiskanlegg - overvaking - modellering) er eit system for standardisering av miljøovervaking av oppdrettsanlegg i sjø. Alle lokalitetar som er i bruk, skal regelmessig overvakast. Overvakingssystemet er heimla i akvakulturdriftsforskriften og undersøkingane er beskrive i Norsk Standard 9410:2016 (MOM-overvaking) som omfattar B- og C-undersøkingar. B-undersøking er ei trendovervaking av tilhøve på sjøbotn under og i nærleiken av eit akvakulturanlegg og resultatata av overvakinga skal rapporterast til Fiskeridirektoratet.

B-undersøkingar på lokalitet Bognøy har gjennom fleire år synt miljøtilstand 1 (svært god). Siste B-undersøking ved maksimal belastning vart utført i august 2020 og synte miljøtilstand 3, dvs. 'dårlig'. Eitt år seinare, i juni 2021, vart det utført ny B-undersøking etter brakklegging av anlegget, og resultatet av denne undersøkinga synte miljøtilstand 1, dvs. 'svært god'.

Ei utskifting av det kompakte stålanlegget med eit større anlegg beståande av 3 ringar, vil føre til at utslepp av organisk materiale vert spreidd over eit større område noko som etter vår vurdering kan bidra til å oppretthalde god miljøtilstand på lokaliteten. Vi vil samstundes understreke viktigheita av at miljøtilstand vert overvaka i samsvar med regelverket og NS 9410:2016.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef



Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

KOPPI



